

Riksantikvaren
Pb. 8196 Dep.
0034 OSLODato: 18.10.2016
Vår ref.: 2014/13625-12
Saksbehandlar: oysskar
Dykkar ref.:

Søknad om dispensasjon frå kulturminnelova § 8.4 for kulturminnet ID 175024 - Arna – gnr. 30, bnr. 12 og 109. – Vårheia - Mjeldheim, Arnaheia bustadområde - Områderegulering - Bergen kommune, Hordaland

Hordaland fylkeskommune sende med dette over søknad om dispensasjon frå kulturminnelova § 8 fjerde ledd, for Askeladden ID 175024, i samband med reguleringsplan for Arna – gnr. 30, bnr. 12 og 109. – Vårheia – Mjeldheim, Arnaheia bustadområde - Områdereguleringsplan - Bergen kommune, Hordaland fylke

Bakgrunn og sakshistorikk

Det vart meldt oppstart av planarbeid og høring av planprogram 13.01.2012 (vedlegg 1 og 2). Planområdet er vist som utbyggingsområde i kommuneplanen sin arealdel i dei tre siste planperiodane. Planen legger til rette for om lag 3400 bustader med tilhøyrande leike- og uteopphaldsareal, fem barnehagar, ein barneskule med fleirbrukshall, eit mindre senterområde med areal til mellom anna daglegvareforretning og idretts-/nærmiljøanlegg (vedlegg 6). I brev datert 27.02.2012 varsla Hordaland fylkeskommune at det var potensiale for funn av ukjende automatisk freda funn i planområdet og at det vart naudsynt med ei arkeologisk registrering for å oppfylle undersøkingsplikta (vedlegg 3). Brev med kostnadsoverslag vart sendt til tiltakshavar 05.06.2013 (vedlegg 4). Kostnadsoverslaget vart godkjent i brev datert 02.08.2013 (vedlegg 5). Den arkeologiske registreringen gjekk føre seg i periodane 14-16.08.2013 og 11-15.11.2013 (vedlegg 10). I brev datert 01.09.2016 vart det varsla at planen vert lagt ut til offentleg ettersyn (vedlegg 6).

Kjende kulturminne i området

Gården Mjeldheim, Gnr 301, har hatt eit rikt tilfang av kulturminne som diverre er gått tapt opp gjennom tida (ID 113986, 113987, 11399 og 113990). Gravminna som har lagt både nede ved Arnavågen og opp i mot tunet viser oss eit viktig bilete av førhistorien.

Det omsøkte kulturminne – dyrkingslokalitet ID 175024 (vedlegg 10)

ID 175024 er ei lokalitet med dyrkingsspor frå eldre jernalder. Lokaliteten ligg på ein rygg i terrenget mellom 40-50 moh med utsikt mot Arna sentrum og Arnavågen. Lokaliteten består av spor etter førhistorisk rydding og åkerdrift i området, samt nokre strukturar. Til saman vart det greve 14 sjakter kor det vart dokumentert dyrkingslag i tre og fragmentariske restar av dyrking i ein (vedlegg 12). Det er ikkje tale om heildekkande dyrkingshorisontar, men eit område med spreidde restar etter dyrking og avsviing.

Det vart sendt inn tre kolprøvar til datering. To av prøvene gav eldre jernalder, henholdsvis førromersk jernalder og romertid. Prøven med datering frå førromersk jernalder er teke frå mogleg struktur i sjakt 7. Den siste prøven gav resultat frå mellommesolitikum. Dette er tolka som naturleg avsatt av skogbrann el., då det ikkje vart påvist noko funnmateriale frå steinbrukande tid.

I sjakt sju vart det påvist nokre fyllskift som vart tolka som noko anna enn restar av dyrking, utan at ein klarte å funne ut kva det var. Sjakta vart utvida for å avdekka heile struktur 1, 2 og 3 i plan. Strukturane vart snitta. Dateringa frå førromersk jernalder kjem frå struktur 1. I sjakt 12 kan lag 4 som er toka som dyrking observerast i hele sjaktens lengde i begge lengdeprofilane. Medan lag 2 som er toka som avsviingslag kan observerast i austleg del av sjakta. Desse laga er ikkje datert, men tolka som avsviing og dyrking.

Frist

Jf. kml § 9 har kulturminnemynde frist til 03.12.2016 for endeleg fråsegn i høve automatisk freda kulturminne.

Fylkeskommunen sin tilråding

Det automatisk freda kulturminne ID 175024 inneheld jordbrukshistoriske spor frå eldre jernalder. Det er få undersøkte lokalitetar frå denne perioden i nærområdet. ID 175024 kan gje viktig informasjon om de delane av den eldre jernaldergarden sitt åkersystem som har lege eit stykke frå gardsbebyggelsen. Dyrkingslag kan ha stor kjeldeverdi til kunnskap om førhistorisk aktivitet i eit område, medan dei gjerne har ei mindre visuell verdi til formidling og oppleving. Overdekninga av torv er berre på mellom 20 til 35 cm, noko som gjer undergrunnen og dyrkingslagene sårbare på lang sikt.

Hordaland fylkeskommune rår til at Riksantikvaren gjer løyve til inngrep i det automatisk freda kulturminne ID 175024 med vilkår om ei arkeologisk utgraving for å sikre det vitskaplege kjeldematerialet.

Med helsing

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Øystein Skår
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Universitetsmuseet i Bergen, Fornminneseksjonen